



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 16.02.2022 Ikornnes kyrkje kl. 20:00

Til stades: Magnar Vigstad, Janita Kurseth Eikemo, Ellen B Vatne, Bergljot Hjortdal og Anita Øvergård. Ingmund Eliassen meldte fråfall i siste liten, så fekk ikkje tilkalla vara.

Sak 7/22 Ny prestesøknad til Ikornnes sokn

Magnar var med på intervjuet av Knut Farstad forrige veke. Vi gjekk gjennom ulike spørsmål og problemstillinger frå dette møtet. Totalen ser veldig bra ut, så vedtaket vårt er at vi innstiller Knut Farstad til jobben som ny prest i Ikornnes Sokn.

Sak 8/22 Hjertestarter til kyrkja

Hundeidvik Blandakor er ein fast bruker av kyrkja, og dei skal også få tilbod på melde seg på kurs til bruk av hjertestarter. Janita tar det vidare til styret i koret.

Sak 9/22 Vasking av kyrkja

Vi må undersøkje kva regelen er her – vi synes kanskje at det ikkje virker reint nok rundtom. Og korleis er det med søppeldunkane, må dei settast fram eller?

Sak 10/22 Kyrkjedagane 2022; 4. – 6. mars

Då ser det ut til at alle lettelsar som er bestemt vedr smittesituasjonen gjer at vi kan vere ganske sikre på at denne helga kan gå som planlagt.

Eige dokument vedr arbeidsoppgåver, kaker, tidspunkt og liknande blir sendt internt i soknerådet.

Møtetider for soknerådet: fredag 4. kl 17, laurdag 5. kl 11 og søndag 6. kl 10.

Neste møte: Ikkje bestemt

Anita Øvergård

skrivar